


**HANDLINGSPLAN
FOR
VÅGÅ KYRKJELEGE
FELLESRÅD/SOKNERÅD
2023 - 2026**



0. INNLEIING

Den kyrkjelege verksemda i Vågå sokn skal byggje på desse hovudelementa;

- Ei bekjennande, misjonerande og diakonal folkekyrkje der menneske i alle aldre og i ulike livssituasjonar får del i kyrkja si forkynning, opplæring, omsorg og fellesskap.
- Lover, forskrifter og vedtak
- Økonomisk makteevne
- Kyrkjelyden sitt behov
- God personalpolitikk

1. VISJON

”Å Skape eit levande og inkluderande mangfold i Gudstenester, aktivitetar og oppsøkjande verksemd, som gjev rom for undring og ettertanke og utfordrar til tru, tilbeding og teneste. Fremje positiv livsutfolding, kulturell verksemd og engasjement for medmenneske og miljø både lokalt og globalt, med kyrkja som ein naturleg del i Vågåbygda.

1.1 Planens formål

Det er viktig å streke under at det å utarbeide og vedta ein handlingsplan ikkje skal vera eit mål i seg sjølv, men at planen skal vera ein viktig reiskap til å nå dei måla ein har sett seg.

Planen skal:

- Gje grunnlag for drøftingar
- Fungere som verktøy for administrasjonen i budsjettarbeidet og for utviklinga av den kyrkjelege verksemda.

2. HOVUDMÅL

Hovudmålet til soknerådet er å leggje til rette for ein levande kyrkjelyd der menneske i alle aldrar og i ulike livssituasjonar kjenner seg heime.

- Kyrkjelydsarbeid som skapar kristen vekst og utvikling
- Godt samspel og fellesskap mellom dei ulike verksemdene
- Synleggjera kyrkja i lokalmiljøet.
- God forvaltning av menneskelege ressursar – arbeidsgjevaransvar
- Økonomiforvaltning, plan- og budsjettarbeid
- Kyrkja, kyrkjegarden og andre kyrkjebygg forvaltast med orden og vørndad og i samsvar med med gjeldande bestemmelsar.
- Samarbeid med kommunen
- Samarbeide over fellesrådsgrenser der dette fell naturleg.

2.1 Tilgjengelegheit og tenesteyting

2.1.1 Kyrkjekontorets opningstid

Kyrkjekontoret er betjent kvar dag med opningstid frå 08.00 – 15.00.

2.1.2 Pårørande

Kyrkja skal så langt råd er følgje pårørande frå dødsfall til gravferd.

Bistand til pårørande skal prioriterast høgt.

2.1.3 Vågå kyrkjelyds gåvefond

Dette er eit tilbod som pårørande kan nytte seg av ved gravferd. Gåvefondet har eksistert sidan 1967 og er fortsatt like aktivt. Formålet med fondet er å heidle minnet til avdøde på ein fin og verdig måte. Fondet fungerer slik at givaren gjev ei gåve til gåvefondet i staden for blomar/kransar. På eit pent gåvekort blir namnet til alle givarane påført og sendt til dei næraste slektningane i samband med gravferda. Fondet kan nyttast etter to følgjande modeller:

- Gåve *direkte* til Vågå kyrkjelyds gåvefond. Heile gåva går til tiltak i kyrkja og kyrkjegarden som ikkje vert dekt av ordinære driftsinntekter.
- Gåve *gjennom* Vågå kyrkjelyds gåvefond. Det er og høve til at gåva kan gå til andre organisasjonar. Av gåva går da 50 % til det ynskte formålet, og 50 % til gåvefondet

Handsaming av gåvefondet er ein krevjande prosess. Vi er så heldige at kyrkjelydssekretæren vår har teke denne ekstra oppgåve i tillegg til sine andre arbeidsoppgåver.

Status og mål

Gåvefondet er unik i forhold til gravferder og er ei særordning for Vågå kyrkjelyd.

Fondsmidlane gjev eit viktig bidrag til ymse tiltak. Bruk av midlane blir styrt av statuttar for fondet. Dette tilbodet er så godt likt og innarbeidd i Vågå at det må vera ei klar målsetjing at ordninga fortset.

3 GUDSTENESTELIV OG KYRKJELEGE HANDLINGAR

HOVUDMÅL

Eit variert og mangfaldig gudstenesteliv med god balanse mellom tradisjon og fornying.

Eit gudstenesteliv som fungerer inkluderande for menneske i alle aldrar og i ulike livssituasjonar og utfordre til tru og teneste.

- Arbeide for større deltaking av kyrkjelyden i og under gudstenesta
- Arbeide for at kyrkjerommet blir eit meir ”åpent” rom der folk kan vere tilstades i undring, bønn og tilbeding.
- Leggje vekt på moglegheit for forbønn – både når det gjeld kyrkjelydens felles forbønn og den einskildes bønnebehov.
- Vektleggje den globale dimensjonen – både misjonsperspektiv og solidaritet med menneske som kjempar mot fattigdom og undertrykking, for rettferd og fred.
- Planmessig utvikling av gudstenesta si rike moglegheit til variasjon og symbolrikdom.
- Trekkje fleire lekfolk med i førebuing og gjennomføring av gudstenester.

Status og mål

Det blir utarbeidd eigen gudstenesteplan kvart år i samråd med dei tilsette. Gudstenesteplanen omfattar kva slag gudsteneste det skal vera og kor mange.

Det er vedteke ei lokal liturgisk grunnordning: totalt 42 gudstenester i Vågåkyrkja, 2 gudstenester i Sandbukapellet (Olsok og Skjærtorsdag), 1 utegudsteneste, 26 institusjonsandakter på Vågåheimen, 4 forordna gudstenester på Vågåheimen, 3 skulegudstenester (jul) og 3 samlingar med barnehagar (jul) i løpet av året. Totalt antal for året er 78, derav 52 er forordna

(Forordna gudsteneste skal gjenspeile det antall gudstenester som inneber kostnadsutgifter og som har sitt utgangspunkt i kyrkjeåret og som biskopen bestemmer vi skal ha.)

-Vi vil halde fram med å sikre gode prosessar kring innføring av den nye ordninga for hovudgudstenesta, styrke gudstenestelivet med utgangspunkt i lokale tilhøve og la arbeidet med gudstenesta forankrast i råd og utval.

-Gå gjennom ”Årshjulet” (det lokale kyrkjeåret) som syner kva som hender; eventuelt kan ein avslutte noko og sjå på kva ein ønskjer å styrke.

ANSVAR

Soknepresten, gudstenesteutvalet, soknerådet, dei tilsette

3.1 Kyrkjemusikalsk verksemd

Generelt:

Organisten/kantoren har ansvaret for den kyrkjemusikalske verksemda i kommunen.

Han/ho skal bl.a. godkjenne den musikalske delen av det som skal framførast i kyrkja. Presten skal godkjenne tekst.

HOVUDMÅL

La kyrkjemusikken samspele med kyrkja si forkynning til menneskeleg og andeleg oppbygging, gje gode musikkopplevingar som utvidar forståinga for rikdomen i kyrkjemusikkens mangfald.

- Opne for større forståing for og innleving i den kyrkjemusikalske arv
- Opne for den store breidda og variasjonen på kyrkjemusikalske felt.

STATUS

- Lokale aktørar er med i gudstenestelivet, for eksempel korps, enkeltpersonar, grupper o.l.
- Samarbeid med kulturkontoret.

TILTAK

- Barnekor. Gjere ein aktiv innsats for å få i stand eit barnekor/ungdomskor.
- Kyrkjechor. Større fokus på rekruttering.
- Større fokus på samarbeid med det lokale kulturliv, kulturskulen, skulane og barnehagane.
- Konsertar i eiga regi og i samarbeid med andre.
- Prioritere bruk av kjente salmar i gudstenestene.

ANSVAR

Kantoren/organist, soknerådet

3.2 Trusopplæring

HOVUDMÅL

Målet for trusopplæringa er: "at barnet skal bli hos Kristus når det veks opp, slik det ved dåpen blir forena med Ham" Dette innebær at: "barnet lærer å kjenne Gud som Faderen, Sonen og Den Heilage And" og får hjelp til å leva som kristen i tru og livsførsel, tilbeding og teneste".

Sentrale planer, visjonsdokument, kyrkelova og tenesteordningar vil sikre fokus på trusopplæringa vidare som ein heilt sentral del av kyrkja sitt kjerneområde.

Status og mål

- Å informere foreldre/føresette om soknerådets tilbod om trusopplæring
- Å sørge for at familiane får materiell og anna hjelp til å ivareta det ansvar som vart gjeve dei i dåpen
- Å leggje til rette for kontakt mellom barnet og kyrkja, til dømes ved sundagsskule og/eller klubb.
- Å samarbeide med og ha ofte kontakt med for eksempel barnehage og skule.
- Å arbeide for at kyrkjelyden blir trekt aktivt inn i ansvar og omsorg for barna som blir døypt.
- Å sjå på tiltak kring trusopplæringa og sette desse saman med gudstenesteplanen sitt årshjul..
- At ein vidareutvikler og formaliserer konkrete avtaler som ein kan gjennomføre når det gjeld samarbeid mellom skule og kyrkje og samarbeid mellom barnehage og kyrkje ut frå det lov- og planverk som ligg føre.
- Å arbeide med trusopplæring ut frå folkekyrkjetenkning; breddetekning (for alle og med alle)
- Eigen trusopplæringsplan dannar grunnlaget for arbeidet og bygges inn i handlingsplan.

ANSVAR

Trusopplærar, sokneprest, trusopplæringsutvalet, soknerådet

3.3 Konfirmentarbeid

HOVUDMÅL

Gje konfirmenten ei oppleving av å tilhøyra kyrkja og skaparverket.

- Møte konfirmenten med aksept, openheit og omsorg
- Skape eit rom for undring og ettertanke der det er plass til draumar, lengsel, sagn, tvil, tru og håp.
- La konfirmentane bli kjent med Bibelen med spesiell vekt på frelsa i Kristus
- La konfirmentane bli kjent med liturgi og gudstenesteliv
- Hjelp konfirmenten til å ta ansvarlege etiske val.
- Inspirere konfirmentane til å delta i kyrkjelydens fellesskap
- Halde kontakt med konfirmentforeldra og gje dei moglegheit til eit positivt møte med kyrkja.

Leirbasert:

Konfirmenttida innleiest med ein konfirmentleir, der halvparten av undervisninga foregår samtidig som elevane deltek på talrike arrangement i friluft m.m.

Ordinært:

For dei som ikkje vel å vera med på leir blir det tradisjonell konfirmentundervisning. Konfirmentane er med på gudstenestene som ministrantar og er med på ulike trusopplæringstiltak. Dei som ikkje vel å reise på leir får ekstra undervisning og ministrantoppgåver.

Spesielt tilrettelagt:

Spesielt tilrettelagt undervisning ved behov.

Det er utarbeidd eigen konfirmentplan med økonomidel. Samla kostnad gjennom året bør ikkje overskride dei økonomiske rammene som ligg til grunn.

Konfirmentane skal ha 60 timar undervisning totalt.

Konfirmasjonsdagar:

Soknerådet har vedteke konfirmasjonsdagar i nokre år framover. Konfirmasjon kjem på 1.pinsedag (alltid sundag) samt laurdagen føre eller etter utifrå når på året pinsa kjem. Om det er store konfirmasjonsskull tek ein to messer kvar dag.

ANSVAR

Soknepresten, trusopplæringsutvalet, soknerådet

3.4 Diakoni

HOVUDMÅL

Å styrke den medmenneskelege omsorg i kyrkjelyden, byggje fellesskap og være vakne for mennesker i vanskelege livssituasjonar.

STATUS

Det er utarbeidd eigen diakoniplan der konkrete tiltak er skissert. Ny diakoniplan vart revidert og godkjent for perioda 2020-2023.

TILTAK

- At kyrkjelydsfellesskapa er inkluderande og opne for alle
- At mennesker blir bevisstgjort og rettar oppmerksamheita mot mennesker i spesielt vanskelege livssituasjonar nasjonalt og internasjonalt

ANSVAR

Diakoniutvalet, soknerådet

4. STABEN – DEI TILSETTE

HOVUDMÅL

At dei tilsette er fornøgde og trygge. Ha fokus på vidareutvikling og kompetanseheving.

Målet til staben er gjennom sitt arbeid å bidra til at Vågå kyrkjelyd fungerer som ei bekjennande, åpen og inkluderande folkekyrkje, der alle menneske i alle aldrar og ulike livssituasjonar får del i kyrkja si forkynning, opplæring, omsorg og fellesskap.

- Den einskilde medarbeidar bør bruke sine kvalifikasjonar og dugleik til å realisere måla for kyrkja si versemnd.
- Eit godt arbeidsmiljø og kollegafellesskap, prega av godt samarbeid og respekt for den einskildes arbeidsfelt og personlege eigenskapar.
- Rimeleg fordeling av arbeidsoppgåver etter den einskildes instruks og pålegg.
- Stimulere den einskilde til fagleg fornying og utvikling
- Godt samarbeid med sokneråd/fellesråd, utval, friviljuge medarbeidarar m.m.
- Godt samarbeid med eksterne kontaktar.

STATUS

- Sekretær 100%
 - Kyrkjegardsarbeidar 100 %
 - Sokneprest 100%
 - Organist 80 %
 - Kyrkjevevje 50 %
 - Kyrkjelydspedagog 50 %
 - Klokkar 20%
- Totalt 5 årsverk

Status og mål

- Faste stabsmøter kvar 14.dg
- Medarbeidarsamtalar ein gong i året
- Sosialt samvær /utflukt/stabsutvikling
- Invitere stab (enkeltvis) til å møte sokneråd/fellesråd for å orientere om sitt arbeidsfelt
- Fremja ein aktiv personalpolitikk til bevisstgjeriing innanfor leiing, personalomsorg, rekruttering og arbeidsfordeling.

ANSVAR

Kyrkjevevje og fellesrådet

5 KYRKJA OG KYRKJEGARDEN

Generelt

Kyrkjeleg fellesråd har ansvar for bygging, drift og vedlikehald av kyrkja ,samt for anlegg, drift og forvaltning av kyrkjegarden. Kommuna har det økonomiske ansvaret og greier ut utgiftene etter budsjettforslag frå kyrkjeleg fellesråd.(§ 14 i Trussamfunnslova)

ANSVAR

Fellesrådet

5.1 Kyrkja

Generelt

I Vågå kommune er det 1 – ei kyrkje – Vågåkyrkja.

Vågåkyrkja er ei middelalderkyrkje frå 1100-talet og ombygd i 1625-1630 og dermed automatisk freda etter kulturminnelova §4. Trevirke frå den gamle stavkyrkja (St. Peterskyrkja) er nytta.

Veggplankar ved hovudinngangen er tidsfesta til 1100-talet.

Grunnplanen i kyrkja er krossforma, og konstruksjonen i reisverk.

Det er sitteplass til maks 250 personar i kyrkja.

HOVUDMÅL

Vedlikehald av kyrkja

Kyrkja har vore høgt prioritert når det gjeld vedlikehald og brannsikring dei siste åra.

Alle tidlegare fatta vedtak vedr. opprusting og vedlikehald er utført. Dette inkluderer nytt utvendig sprinkelanlegg og nye overvåkingskamera.

STATUS

- Årleg brannsyn, termofotografering og kontroll av det elektriske anlegget.
- Årleg vedlikehald av orgelet

Vidare målsetting

- Avsette stadig midlar årleg til tjærebreiing og anna vedlikehald
- Sette opp ny informasjonstavle ved hovudinngangen
- Lage eit protokollbord for bruk i gravferd
- Kle inn utvendige stålrøyr ved sakristiet
- Reingjering av kyrkjeinteriør (pågåande)

ANSVAR

Kyrkjeverja og fellesrådet

All endring krev godkjenning av Riksantikvaren, Hamar bispedømme og/eller Innlandet fylkeskommune.

5.2 Kyrkjegarden

Generelt

I Vågå kommune er det 1 – ein kyrkjegard

Vågå kyrkjegard er ca. 22 mål fordelt på 31 felt og har ca. 2600 gravplassar.

Berekning av gravplassbehov:

I følge gravferdslova § 2 av 7. Juni 1996 skal ein kyrkjegard vere av ein slik storleik at det til ei kvar tid er ledige graver for minst 3 % av kommunane sine innbyggjarar.

Det er pr i dag (sept 2022) ca. 412 ledige ufesta graver og det er 134 festa reserverte graver. Påkrevd antal ledige graver utifrå folketal (3578) er 107. Følgjeleg har kyrkjegarden langt over det antall som lova forutset. Antall gravferder kvart år er naturleg nok utslagsgjevande for arealbehovet.

STATUS

Festeavgifta bidreg til at dei som har festeansvar er meir bevisste på å seia frå seg graver dei ikkje har bruk for. Desse går då til gjenbruk og presset på dei nye felte blir mindre.

Kommunal tenesteyting ved gravferder og til gravslått om sommaren.

HOVUDMÅL

I forvaltninga av kyrkjegarden må ein leggje vekt på at kyrkjegarden skil seg ut frå andre områder, ved sin bruk og utsjånad. Den skal ha ein standard som er heva over det kvardagslege av respekt for dei døde, og gje pårørande/andre besøkjande ei god oppleving. Den skal og gje ei verdig ramme for gravferder. I tillegg til gravferdslova er kyrkjegardsvedtektene for Vågå kyrkjegard med på å regulere den daglege verksemda.

Nye driftstiltak i planperioden

- Bevaringsplan for gamle gravminner.
- Planering av gravfelt (i første omgang to rekkjer på gravefelt EC)
- Tilrettelegging av gravfelt til religiøse minoritetar.
- Legge til rette for namna eller anonym minnelund.

ANSVAR

Kyrkjeeverja og fellesrådet i tillegg til gravplassutvalet

6. KYRKJESTUGU, STUPUL OG DRIFTSBYGG

Kyrkjestugu har toalett for besøkjande som står ope heile døgnet. Dette fungerer så tilfredsstillande at ordninga kan fortsetja.

Kyrkjestugu blir nytta til kyrkjekaffe, konfirmantundervisning, møterom mv.

Framtidige investeringer

- Vurdere utbygging av kyrkjestugu eller bygge nytt
- Sette inn nye botnstokkar på stupul og ha på takrenner

7. INFORMASJON

HOVUDMÅL

- Arbeide for at folk i Vågå reknar kyrkja som ein naturleg del av Vågåsamfunnet
- Arbeide for at kyrkja blir rekna som ein naturleg samarbeidspartnar i kommunen
- Å leggje til rette for formidling av informasjon om tilbod og aktivitetar
- Profilere aktivitetane på ein slik måte at målgruppene er orientert om dei tilbod som finns,
- Organisere informasjonsarbeidet slik at det blir ein del av kyrkjelydens interesse- og verkefelt.

STATUS

- Annonser om gudstenester i avisa
- Kyrkjeblad 4 gonger i året
- Informasjon om møtedato/saksliste for sokneråd/fellesråd i kyrkjebladet
- Pressa. Omtale i avisa om ulike tiltak
- Plakater
- Facebook
- Kyrkjekontoret har opningstid kvar dag frå 8-15.

ANSVAR

Staben, fellesrådet

8. ØKONOMI

8.1 Generelt

Kommunal rammeoverføring, statlege og eigne inntektskjelder er grunnlaget for å kunne gje innbyggjarane gode tenester. Det er spesielt viktig at den kommunale overføringa er forutsigbar og ikkje minst at det kvart år blir kompensert for løns- og prisvekst.

8.2 Driftsbudsjett

Driftsbudsjettet vert utarbeidd på grunnlag av ein reell, nøktern drift gjennom kalenderåret. Tilstrekkelege kommunale og eigne inntekter er grunnlaget for å kunne gjennomføre forsvarleg drift, kunne tilfredsstille lovens krav samt gje kommunen sine innbyggjarar gode tenester.

Kyrkja sitt budsjett og økonomiplan må utarbeidast i tide for å vere med i kommunen sin økonomiplanprosess.

Status og mål

Årleg dialog mellom kyrkje og kommune i forkant av økonomiplanprosessen. Her får vi eit signal om kor stor rammeoverføringa *kan* bli. Denne forutsigbarheita gjer at budsjettarbeidet kan utarbeidast på eit godt grunnlag.

Den kommunale representanten i fellesrådet skal vera eit aktivt bindeledd mellom råd og kommune.

ANSVAR

Kyrkjevevja, Fellesrådet

8.4 Eigne inntekter

Ved utarbeiding av budsjettet er *eigne inntekter* innarbeidd for å få balanse i budsjettet

Eigne inntekter er ei forutsetning for å klare ordinær drift og tiltak av ymse slag.

ANSVAR

Kyrkjevevja og fellesrådet

8.5 Turisttenesta

STATUS

Det har vore open kyrkje med omvisar frå midt i juni til midt i august. Mykje positive attendemeldingar på at kyrkja er open.

TILTAK

Vurdere korleis ein skal legge til rette for ei best mogleg omvisarteneste, både om sommaren og ved elles behov.

ANSVAR

Kyrkjevevje og fellesrådet

8.6 Festeavgift

STATUS

Festeavgifta er kr. 250,- pr. grav pr. år. Fakturerast kvart år. Økonomiavdeling i Vågå kommune har ansvaret for å sende ut faktura og purring etter tett dialog med kyrkjevevja.

ANSVAR

Kyrkjevevje

8.7 Offer i kyrkja

STATUS

Rundt 70 søknaden frå eksterne kristelege organisasjonar kjem inn kvart år. Soknerådet vedtek kva offerinntektene skal gå til. Ordinære driftsinntekter.

ANSVAR

Soknerådet

8.8 Sal av tenester

STATUS

Oppretting/montering av gravminner, fjerning og destruering av gravminne kan utførast av kyrkjegardsarbeidaren mot betaling

8.9 Avgifter for utansoknsbuande

STATUS

Det er vedteke eigne satsar for vigslar, gravferd og urnenedsetjing for utansoknsbuande.

8.10 Utleige av kyrkja

STATUS

Utleige av kyrkja 4-5 gonger i året.

8.11 Tenesteytingsavtale

I kyrkjelova § 5, fjerde ledd er det opna for kommunal tenesteyting i staden for ein reell bevilling. Avtale mellom Vågå kommune og kyrkjelege fellesråd vart sist revidert 2018.

Avtala kan seiast opp av både partar innan 01.08 kvart år, med verknad for påfølgjande budsjettår.

Avtala inneheld alle tenestar kommunen utfører for kyrkja, samt tal for kalkulatoriske inntekter og utgifter. Totalt kr. 300.000.

Tala skal takast med i økonomiplanen.

ANSVAR

Kyrkjevevje, fellesrådet, kommunen

9. SOKNERÅD/FELLESRÅD

- Møter i soknerådet/fellesrådet; etter vedteken møteplan.
- Fordele oppgåver på utval og arbeidsgrupper.
- Utarbeide vedtak og følge opp planar

ANSVAR

- Soknerådet/fellesrådet er i plenum ansvarleg for dei vedtak som blir fatta
- Valde underutval skal rapportere og evt. gje si innstilling i saker til soknerådet/fellesrådet
- Evaluering

Handlingsplan skal rullerast *kvart år*. Den skal fungere som grunnlagsdokument i utarbeiding av økonomiplan som blir utarbeidd på hausten.

10. OPPSUMMERING MÅLSETTING FOR KOMANDE PLANPERIODE

Driftstiltak og målsetting for kyrkja, kyrkjegarden og øvrig kyrkjebygg

Kyrkja:

1. Avsette stadig midlar årleg til tjærebreining av kyrkja
2. Sette opp ny informasjonstavle ved hovudinngangen
3. Lage eit protokollbord for bruk i gravferd
4. Kle inn utvendige stålrøyr ved sakristiet
5. Reingjering av kyrkjeinteriør (pågåande)

Kyrkjegarden:

1. Lage ein bevaringsplan for gamle gravminner.
2. Planering av gravfelt (i første omgang to rekkjer på gravefelt EC)
3. Legge til rette for gravfelt til religiøse minoritetar.
4. Legge til rette for namna eller anonym minnelund

Øvrig kyrkjebygg:

1. Vurdere utbygging av kyrkjestugu eller bygge nytt
2. Sette inn nye botnstokkar og montere takrenner på stupulen